

FUGLEROMMET.


Ein del av desse fuglane finn du bare ei sjeldan gong i Åmli, på trekk o.l., medan dei fleste er faste innslag. Fuglar kan som kjent flyge, ialle fall alle artane som er i Fuglerommet, så ein kan få seg ei overrasking på kor ein kan treffe på ein art, særleg haust og vår. Aslak Harstveit har gjennom mange år vore ein ivrig samlar og handelsmann, derfor denne blandinga.

DET HOLE TREET.

Alle desse fuglane er avhengig av gamle, morkne tre som dei kan hole ut og ha som reirplass. Derfor vil ein skog som bare har unge, friske tre kunne truge dei i framtida.



Spettmeis



Hakkespett

Spettmeisa skil seg ut frå dei andre fuglane på dette treet, ho tilhøyrrer ikkje som dei andre gruppa hakkespetter. Ho er den einaste fuglen i Norge som kan klatre nedover med hovudet fyrst. Dessutan murer ho ein ring i reiropningen til den får passa storleik.

Svartspetta, eller regnspipa, som mange i Åmli kallar ho, er vår største hakkespett. Ho har ein låt når ho flyg og ein annan låt når ho sit i eit tre. Livretten er stokkmaur (hestemauro) som lever i morkne tre.


Grønspetta er nest størst, og har ein sterkt skrattande lyd du kan høyre lang veg, særleg om våren. Ho hakkar seg inn i maurtuer på bakken og finn raud skogsmaur (pissemaur) sjølv vinterstid. Både han og ho er raud på hovudet.

Gråspetta er litt lik grønspetta, men er meir sjeldan i Aust-Agder. Hoa har ikkje raudt på hovudet, medan hannen har litt i panna.

Flaggspetta er vår vanlegaste hakkespett. Sjølv om alle hakkespetter trommer på holer greiner o.l. gjer flaggspetta det sterkast. Særleg dersom ho finn topplokket på ein

Hakkespettenes fluktline er bølgeforma.





Flaggspett med spettesmie.

telefonstolpe e.l. kan det høyrast lang veg. Om vinteren fester ho konglar i sprekkar på tre og hakker ut frøa. Dette blir kalla ei spettesmie.

Dvergspetta er Norges minste hakkespett og fargane kan likne litt på flaggspetta. Me finn mest av den her på Agder.

Tretåspetta har som namnet seier 3 tær, medan alle andre spetter har 4. Elles er det den einaste spetta utan raudfarge. Finnes i Åmli, men er meir vanleg austover.

KRÅKEFUGLTREET.



Kornkråke


I dette treet finn du alle dei 8 norske kråkeartane. Den mest sjeldne er *kornkråka* som bare så vidt er observert ved kysten av Aust-Agder.



Nøttekråke

Lavskrika finn du nok heller ikkje ofte i Åmli, men ho er funne hekkande i nabokommunen Fyresdal. Den likar seg best i høgareliggjande barskog austover i landet.

Nøttekråka er funne reir til i ein annan nabokommune, Bygland. Den er særleg glad i hasselnøttar. Derimot var det i Åmli hausten 1995 ein svær invasjon av ein russisk slektning, *sibirsk nøttekråke*.




Kaie

Kaia kan du frå tid til anna treffe i Åmli, sjølv om det bare er ved Arendal-Grimstadkanten den er funne hekkande her i fylket. Dei 4 siste kråkefuglane er vanlege i heile fylket.



Ravnereir på fjellhulle.



Skjerereir i tre.

Størst er *ravnen*, eller korpen som nokon kallar han etter lyden han lagar. Kan i fangenskap bli 69 år! og lærast til å sei enkle setningar. Ein norsk ravn sa tydeleg : "Seier du det, sa han Mass til han Lasse."

Kråka er den talrikaste av desse 8, ca. 1/2 million i heile landet. Er fæl til å plyndre andre reir, derav namnet "ugangskråke."

Skjora, skjære eller *skjer* som det heiter på Åmli dialekt, lever truleg i livsvarig ekteskap. Frå gamalt av skulle ein ikkje skyte dei som bygde reir nær garden, det betydde ulykke.

Notteskrika, eller *skogskjera* på Åmlimål, er kjent for å kunne etterlikne andre fugle- og dyrelåtar så godt at til og med erfarne skogsfolk blir lurt. Den hamstrar særleg eikenøttar om hausten.

VÅTMARKSKROKEN.

Fuglane her lever i ulike område, frå fuktig skogmark, via myr og strandkant til djupt vatn. I frå kyst til høghei. Kosthaldet varierar òg, i frå mest reine vegetarianarar til fiskeelskarar.



Svartanda dukkar djupt,
men må springe på vatnet for å lette.


Svartanda kan du lettast sjå i låglandet i Åmli om våren når den ligg på isfritt vatn, mens den ventar på at isen skal smelte høgare inne på heia. For det er helst der den hekker. Kan dykke ned mot 20 meter der den tar småkryp op botnen.



Krikkanda dukkar grunt,
men kan lette rett opp frå vatnet.

Silanda likar seg best heilt ved kysten der ho helst et småfisk i sjøen. Ein svært lik fugl, *laksanda*, er derimot vanleg store delar av året rett utanfor huset her, i Nidelva.


Krikkanda, som er Norges minste and, er svært vanleg i Åmli. Dukker så grunt at



Kanadagås


stjerten stikk opp over vatnet. Lever mest av planter.

Kanadagåsa beiter på same måten som krikkanda, men går òg gjerne på land. Kjem som namnet seier frå Kanada og blei sett ut på Agder i 1976. Er nå så tallrik at der er jakttid på arten i Åmli.



Storlom

Storlom er storfiskaren som var ganske vanleg i Åmli før vatna blei sure og fisken døydde ut i mange av dei. Før trudde folk lomen øydela innlandsfisket. Kanskje det heller var slik at han sørga for at vatna ikkje fekk for mange fisk, som då blir små og stygge.




Rugde

Rugda var vanleg å jakte på om våren i Åmli i gamle dagar. Hannen har eit kvelds- og morgontrekk som ofte går i nøyaktig same ruta, så det var lett å stille seg opp når rugda kom med sin særlege lyd som blir kalla "korting" og "pistring". Legg merke til dei 4 mørke tverrsrtipene på hovudet.



Hegra flyg med opptrekk hals, mens svana flyg med utstrekk hals.

Gråhegra såg ein mest bare med kysten før. Nå kan du ofte sjå den i Åmli der den står stille som ei statue ute i grunt vatn og ventar på noko etande skal symje forbi. Denne svære fuglen har ofte reir i toppen av eit tre.



Gluttsnipa har svakt oppoverbøygd nebb, i motsetning til *storspoven* som har kraftig nedoverbøygd nebb. Begge desse kan du sjå på trekket vår og haust i Åmli.

Knoppsvana var bare for nokre år sidan sjeldan i Norge. I den seinare tid har bestanden auka svært kraftig, og er nå vanleg langs heile Aust-Agder kysten. Slektningen *sangsvana* kan du av og til sjå der det er strøm og isfritt vatn om vinteren. Ho kjem nordfrå og er då her på "sydenferie".



Toppsykkaren er sjeldan i Norge og er bare sett på gjennomtrekk i Aust-Agder.

FUGLAR MED LYDKNAPP.


Nokre fuglar syng bare når dei flyg, andre bare når dei sit og nokre begge delar. Varsellydar har dei heile året, mens den eigentlege sangen er bare om våren. Det er hannen som syng og fortel to ting. 1) Til andre hannar: "Pell deg unna, dette området er mitt!" 2) Til hoene: "Kom hit og bli kona mi!"



Måltrost

Måltrosten er kjent som skogens store songar sitande i toppen av eit tre morgon og kveld. Han er og blitt kalla talatrost, då ein del av strofene kan minne om eit menneskleg innhald.

Staren (stæren) etterliknar ofte andre fuglar og låtar elles i sangen sin. Ein stare i Danmark måtte avlivast då han etterlikna stasjonsmesterens fløyte så godt at toga starta i utide. Tar gjerne gamle hakkespetthol til reirplass.



Lauvsongar

Lauvsongaren blir reikna som Norges vanlegaste fugl, då han i sommarhalvåret kan treffast over alt. Er litt vanskeleg å kjenne igjen bare ved å bruke synet, men lærer du lyden, ei bølgende, avtakande tonerekke, skjønar du fort når han er komen tilbake frå Afrika. Dette er som regel aller fyrst i mai.




Gråspurv



Pilfink

Gråspurven er husfuglen framfor nokon. Om våren syng han ofte frå takrenna rett utanfor reiret som ligg under taksteina. Kan lett forvekslast med pilfinken som er blitt mykje meir vanleg i Åmli dei siste åra.

Grønfinken er òg blitt meir vanleg her dei siste åra, særleg om vinteren. Det kan kome av at folk er blitt flinkare til å fôre fuglane.



Steinskvett

Det tar ikkje lang tid før ein grønfinkflokk tømer ei skål med solsikkefrø.

Steinskvetten høyrer som namnet fortel heime i steinlendt landskap, frå kyst til høgfjell. Neier med kroppen og slår stjerten i vêret, samtidig som han varslar med høg lyd.

Varslar. Legg merke til den svarte auestripa. Har ein hvesande varsellyd, derav namnet. Hekker sjeldan i Aust-Agder, og mest bare i gode smånagarår.





Sidensvans

Sidensvansen høyrer heime lengst nord i landet, men kan trekke sørover haust og vinter, særleg i gode rognbærår. Haust og vinter 1995-96 var her rein invasjon, med flokkar på hundrevis i Åmli.


På toppen av skåpet sit eit *fasanpar*. Desse er kunstig utsatt i Aust-Agder, m.a. på Tromøya.

Vil du lære meir om fuglesongar, er der nå fleire kassetar og CD med dei fleste Norske fuglelåtar, alt med norske kommentarar.





Kjøttmeis



Kjøttmeis, snitt av reir

Spørsmål/oppgåver til "Fuglerommet".

- 1) Kor mange av desse fuglane har du sett i levande tilstand ute i naturen?
- 2) Kva er spesielt med spettmeisa?
- 3) Korleis kan du kjenne igjen ei hakkespett på flukta?
- 4) Du finn ei opna maurtue om vinteren. Kven kan ha vore der?
- 5) Kva er ei spettesmie?
- 6) Kva heiter Norges minste hakkespett?
- 7) Kor mange kråkefuglartar er det i Norge? Kva heiter dei?
- 8) Kva for ein kråkefugl er spesialist på hasselnøttar?
- 9) Kan du eit anna navn på ravn?
- 10) Kva heiter imitatoren blant kråkefuglane?
- 11) Korleis lettar svartanda frå vatnet?
- 12) Korleis lettar krikkanda frå vatnet?
- 13) Nemn nokre av fuglane som er glade i fisk?
- 14) Kva er lettaste kjenneteiknet på storspoven ?
- 15) Kva for store fuglar har auka mykje i Aust-Agder dei siste åra?
- 16) Kvifor syng fuglane?
- 17) Kor mange fuglelåtar kan du kjenne att ute i naturen?
- 18) Kan du eit anna namn på måltrosten?
- 19) Kva for fugl blir reikna som Norges vanlegaste sommarstid?
- 20) Kva heiter invasjonfuglen som kjem nordafrå til Aust-Agder i rognbærår?



Bokfink i flukt, nederst fluktlinjen



Bokfinkreir